

Grunneigarane ikkje samde om trasevalet

20.05.2014



Prosjektleiar Rolf Svan Amundsen leia synfaringa saman med kollega Magnhild Roe.

NVE har gjeve konsesjon og det vert utbyggjing av Eikeelva, men kva side av elva er dei 6 grunneigarane ikkje samde om. 3 er for austre side og like mange for vestre. Dette kom fram under ei synfaring i føremiddag der grunneigarane, kommunen, Uskedal Utvikling, vassverket og utbyggjaren var representert.

Det er eit kombinert prosjekt og Uskedalen skal framleis henta vatnet sitt i Eikedalen, men vassverket fryktar forureining, særleg ved val av austsida som NVE har gått inn for og fått ja til.. Det er Clemens Elvekraft som er utbyggjar.



[Eikeelva er i frisk form no om dagen](#)

Vassverkleiar Hans Reidar Kjærland sa under synfaringa at vassverket aldri vil kunne garantera eit reseveinntak ved val av austsidealternativet, Dette vert allereie i dag nytta i krisesituasjonar om vinteren.

Ein av grunneigarane som er for aust gjekk inn for eit midlertidig inntak lenger oppe. Det vert opna for minstevassføring på 30 liter i sekundet medan vassverket treng 7-8 liter.

Utbyggjaren har no sendt inn klage på grunnlaget for konsesjonsvedtaket. Også vassverket har klaga på dette. Eit av ankepunkta er økonomien ettersom rørtraseen i aust vert 130 meter lenger og 2 millionar kroner dyrare enn den andre Det vart imidlertid påtala at den fulle vestre trase ikkje har vore på høyring,

Turinteressene har heller ikkje uttala seg men utbyggjaren gjorde det i dag klårt at det gjerne må skje. Det verkar som eit uklårt punkt i kor stor grad området vert nytta til utfart og om det då er vestsida eller austside som vert nytta mest.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen